

Verksemd: Osterøy kommune  
Avdeling(ar): Sektor for Samfunnsutvikling  
Intern annonsetittel: Osterøy kommune søker leiar for teknisk forvaltning og plan!

Referansenummer for annonsen:

#### Stillingsbeskriving

Namn på verksemda:	Osterøy kommune	Søknadsfrist:	20.11.2022
Overskrift:	Osterøy kommune søker leiar for teknisk forvaltning og plan!	Tiltreding:	01.03.2023
Rekrutteringstittel:	Leiar for teknisk forvaltning og plan	Arbeidsstad:	Lonevåg
Annonsetekst:	Har du lyst til å arbeide i ein utviklingsorientert kommune? Vi ser no etter ein engasjert, tydeleg og fagleg dyktig leiar for teknisk forvaltning!		

Osterøy kommune er ein spennande kommune som både er tradisjonsrik men og under utvikling! Osterøy har ei rik natur med mange flotte turistperlar! Busetnaden er jamnt fordelt og det er eit rikt næringsliv!

#### **Vi ser no etter ein utviklingsorientert leiar for teknisk forvaltning! Er du engasjert og har kunnskap og erfaring innan desse fagområde er det deg vi søker!**

Eininga for teknisk forvaltning består av byggesak, planavdeling, landbuk, veterinærer og kart og oppmåling. Det er for tida 13 tilsette i eininga inkludert leiar.

Som einingsleiar for teknisk forvaltning skal du leie og utvikle dine medarbeidarar innan dei ulike fagområda. Du må vere ein erfaren og trygg leiar som drivast av å leggje til rette for engasjement og motivasjon, med tydelege mål. Det er viktig at du er ein leiar som trivast med planlegging for god og effektiv arbeidsflyt. Stillinga skal bidra med gode interne prosessar i eininga og samarbeide med andre i kommunen, samt tilby gode og kostnadseffektive tenester og sikre ressursutnytting innan gjevne økonomiske ramar. Eininga er veldriven og oppteken av kontinuerleg forbetring.

#### **Dine viktigaste arbeidsoppgåver vil vere:**

- Einingsleiar er ein del av leiargruppa i sektor for samfunnsutvikling som arbeidar heilskapleg og tverrfagleg for utvikling og drifting av kommunens tenestetilbod
- Leie og vidareutvikle eininga og tenestane og ha eit strategisk og langsiktig blikk for eigne fagområde
- Bistå i møter med byggherrar, utbyggjarar, innbyggjarar og andre interessentar
- Sikre føreseielegheit gjennom å sørge for at rutinar er oppdaterte og at dei vert følgt
- Halde presentasjonar internt og eksternt i tillegg til å vere einingas ansikt i møte med eksterne aktørar
- Sakshandsaming og fremjing av sakar til politisk handsaming
- Personalansvar for tilsette i eininga som innber leing og utvikling av dei tilsette gjennom rettleiing, oppfølging og delegering, inkludert rekruttering og tilsetjingar i eininga
- Overordna ansvar for einingas budsjett og mål og sikre leveranse
- Øvrige oppgåver kan verte lagt til stillinga etter nærare avklaringar med kommunalsjef for samfunnsutvikling

**Kvalifikasjonar:**

Den rette kandidaten har leiarerfaring og likar å leie og utvikle andre. Det er ønskeleg med relevant utdanning på masternivå, men solid erfaring kombinert med utdanning på bachelornivå kan kompensera for manglande mastergrad. Det er positivt om du har leiarutdanning. Det er krav om at du har erfaring frå eit av fagområda og at du har god kunnskap om plan- og bygningslova og andre relevante lov- og avtaleverk.

Vidare er det og ønskeleg at du har:

- Leiarerfaring frå offentleg sektor, men erfaring frå privat sektor i kombinasjon med kunnskap om offentleg forvaltning er og av interesse
- Engasjement for moglegheitane som ligg i digitale løysingar som kan bidra til meir effektive prosessar som samstundes tek høgde for fagleg kvalitet
- Stillinga krev god munnleg og skriftleg framstillingsevne på norsk
- Erfaring frå økonomi- og budsjettarbeid

Vi søker etter deg som er ein leiar som både tenkjer heilskapleg og som er utviklingsorientert. Me ser fortrinnsvis etter deg som fremjar samhandling i eigen eining men og på tvers. Som leiar er du god på leveranse og har høg arbeidskapasitet, du er nysgjerrig, anerkjennande og involverar dine medarbeidarar. Som leiar er du komfortabel både med å ta ansvar men og å gje ansvar, utfordre og stille krav til dine medarbeidarar. Me ser etter deg som er løysingsorientert og har evne til å tenkje nytt og som synleg bidrar positivt i arbeidsmiljøet.

**Om du er den rette kandidaten kan vi tilby deg:**

- Løn etter avtale
- Gode, offentlege pensjons- og forsikringsordningar
- Godt arbeids- og fagmiljø med trivelege kollegaer
- Moglegheiter for kompetanseheving og fagleg utvikling
- Osterøy kommune er ei IA-verksemd
- Fleksibel arbeidstidsordning
- Moglegheiter for heimekontorordning
- Kommunal mobiltelefon

Stillinga er unnateke arbeidstidsbestemmingane i arbeidsmiljølova og vert kompensert med eit ekstra tal fridagar pr. kalenderår i tråd med hovudtariffavtalen for meiararbeid utanom normal arbeidstid og møteverksemd.

**Er du den me ser etter kan me garantere spennende, utviklende og givande arbeidsoppgåver. Om du tenkjer at dette kan vere noko for deg er du velkomen til å søkje stillinga.**

Har du spørsmål kan du gjerne ta kontakt med vår rådmann, Ingvild Hjelmtveit på telefon: 988 90 718

Administrasjonsmålet i kommunen er nynorsk og stillinga rapporterer til kommunalsjef for samfunnsutvikling.



**Publiseringskanalar**

Rekrutteringskanal	Start	Slutt
NAV (Nytt REST API)	28.10.2022	20.11.2022
Tilpassa kundekanal	28.10.2022	20.11.2022
Finn Executive	28.10.2022	20.11.2022
Heimeside	28.10.2022	20.11.2022

**Statistikk**

	Totalt	Kvinner	Menn	Ukjent
Tal på søkerar	4	0	4	0
Kjønnsfordeling		0	100.00 %	0
Snittalder	48.25	0	48.25	0

Sist oppdatert: 24. mars 2023 12:12

**Kandidatar 1**

<b>Namn</b>	<b>Alder</b>	<b>Kjønn</b>	<b>Bustadkommune</b>	<b>Noverande stilling</b>	<b>Res</b>
Trygve Vik	46	Mann	Kvam herad	Verksemdsleiar	Nei

**Kandidatar 2**

<b>Namn</b>	<b>Alder</b>	<b>Kjønn</b>	<b>Bustadkommune</b>	<b>Noverande stilling</b>	<b>Res</b>
TERJE Kallekleiv	59	Mann			Nei

**Kandidatar 3**

Namn	Alder	Kjønn	Bustadkommune	Noverande stilling	Res
Anders Gulowsen	41	Mann		Planleggar	Nei

**Kandidatar 4**

<b>Namn</b>	<b>Alder</b>	<b>Kjønn</b>	<b>Bustadkommune</b>	<b>Noverande stilling</b>	<b>Res</b>
Tore Johan Kyrre Erstad	47	Mann	Bergen	Senioradvokat	Nei